

Finn vassverket lekkasjen i dag?

14.01.2013



Er dette det kritiske punkt der lekkasjen skjer? Det kunne ein ikkje svara på tidleg i ettermiddag

Vassverket slit framleis for å finna lekkasjen som tappar ut like mykje vatn som forbruket, men no håpar leiar Hans Reidar Kjærland at det vil skje i dag. Dei meiner at leidningen er lekk ein stad mellom Eidsvik og Leite der det er rundt 20 abonnentar og set igang graving. Difor vert vatnet i området stengt av frå tid til annan i dag, varslar leiaren

Han kan ikkje gje eksakte opplysningar om når stenginga vil skje. Heller ikkje kan han lova at feilen vil bli avslørt idag, men han håpar det beste,

I alle fall skjer inngrepet på ein stad der dei trur lekkasjen skjer. Dei konsentrerar seg særlig om eit kritisk koplingspunkt like ved Eidsvik, men ved 15-tida hadde ikkje Haugland Maskin kome så langt med jobben at dei eller andre kunne slå fast om det piplar ut vatn der.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen